



ROM for ALLE



STATUSRAPPORT

Bø i Telemark

Pr. november 2015

Innhald

1.	BAKGRUNN	3
2.	VISJON OG MÅL.....	3
3.	ORGANSIERING.....	3
4.	ØKONOMI.....	4
5.	DELPROSJEKT MED TILTAK	5
5.1.	Bø Torg	5
5.1.1.	Utarbeiding av nye retningsliner for Bø Torg	5
5.1.2.	Etablering av arrangement og aktivitetar	6
5.1.3.	Gardsrom.....	12
5.2.	Bø i bevegelse.....	13
5.3.	Evjudalen Friluftspark.....	14
5.3.1.	Evjudalen byggetrinn 1.....	14
5.3.2.	Evjudalen byggetrinn 2	18
5.3.3.	Evjudalen byggetrinn 3	19

1. BAKGRUNN

Utgangspunktet for å sette i gong ROM for ALLE prosjektet var å følge opp Bø kommunes strategi for sentrumsutvikling der eit fortetta og levande sentrum står som sentrale prinsipp.

Vidare har det vore eit ønskje om å styrke Bø sin posisjon som studiestad og regionsenter ved å skape fleire gode møteplassar i sentrum, m.a. Bø torg, Evjudalen og bakgårdsrrom. Reguleringsplan for Bø torg vart vedtatt i 2008 og reguleringsplan for Evjudalen i januar 2011. Gjennom ROM for Alle-prosjektet ønskte kommunen å opparbeide gode rom for kulturaktivitet og på den måten legge til rette for møte mellom menneske i Bø sentrum, samt ei styrking av campus Bø.

2. VISJON OG MÅL

Effektmåla for ROM for ALLE prosjektet var å:

- Auke tal studentar ved studiestad Bø med 150 innan 2020
- Auke samla folketal i Midt-Telemark med 150 innan 2020
- Auke tal besökande i Midt-Telemark med 10 % innan 2020
- Auke tal arbeidsplassar i Bø med 10 % innan 2020

Resultatmål for hovudprosjektet var å:

- Ferdigstille opparbeidinga av Evjudalen Friluftsområde
- Bidra til at Skogenkvartalet blir opparbeid som attraktiv møteplass, som del av delprosjektet Gardsrom og som pilotprosjekt for vidare samarbeid mellom kommune og privat utbyggjar
- Ha etablert litteraturfestival i Bø med eige styreorgan
- Ha gjennomført forstudie og forprosjekt for utandørs amfi ved Gullbring
- Etablert faste torgarrangement på Bø Torg
- Etablert faste aktivitetar i Evjudalen

3. ORGANISERING

ROM for ALLE starta som eit forprosjekt i 2012 og gjekk over til hovudprosjekt i perioden 2013-2016.

Prosjektet har vore organisert som følgjer:

- **Prosjekteigar:** Kommunestyret i Bø
- **Prosjektansvarleg:** Rådmann Åse Egeland
- **Styringsgruppe:** Rådmann (Åse Egeland), ordførar (Olav Kasland), leiar av hovudutval for kultur, idrett og miljø (Augon Eika), styreleiar Sentrumsringen i Bø (Tormod Hynne), dagleg leiar i Gullbring kulturanlegg (Hans Kristian Lahus/Erling Rønneklev/Espen Raastad) og leiar Team kultur Telemark fylkeskommune (Geir Berge Nordtveit/Lene Hennum)
- **Prosjektleiar:** Anne Gry Sturød til desember 2014, og Sindre Flø frå og med januar 2015.
- **Prosjektmedarbeidarar:** Kultursjef (Hilde Pedersen), arealplanleggar (Kristin Karlbon Dahle) og Telemark fylkeskommune (Lene Hennum)

Prosjektet har i all hovudsak vorte organisert med fire delprosjekt, som beskriven i avsnitt 5.

4. ØKONOMI

Budsjett – eksterne midlar*

Eksterne	2012	2013	2014	2015	
Tfk regionale utviklingsmidlar	kr 1 500 000			kr 1 500 000	kr 3 000 000
Tfk friluftsmidlar	kr 421 500	kr 315 000	kr 485 000	Kr 235 000	kr 1 456 500
Tfk spillemidlar:		kr 200 000	kr 600 000		kr 800 000
Tfk Trafikksikringsmidlar		kr 786 000			kr 786 000
Fylkesmannen /M-T Landbruk SMIL		kr 500 000			kr 500 000
Tfk Folkehelsetiltak			kr 50 000		kr 50 000
Næringsfond		kr 600 000	kr 485 000		kr 1 085 000
Rose Eiendom				kr 30 000	kr 30 000
Kreftforeningen			kr 100 000		kr 100 000
Bolystmidler, KRD - Drift	kr 1 000 000				kr 1 000 000
MTNU	kr 200 000				kr 200 000
UU-midlar/ MD	kr 50 000	kr 35 000			kr 85 000
NVE kvikkleiresikring		kr 785 000			kr 785 000
TfK Kulturprosjekt	kr 60 000	kr 75 000	kr 100 000		kr 235 000
Fritt Ord	kr 20 000	kr 30 000			kr 50 000
Kulturrådet		kr 60 000	kr 60 000		kr 120 000
SUM	kr 3 251 500	kr 3 386 000	kr 1 880 000	kr 1 530 000	kr 10 047 500

*Ikke medrekna opparbeiding av Bø Torg.

Rekneskap

	2012	2013	2014	2015**
Bø kommunes investeringsbudsjett*	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Prosjekt 450 Evjudalen (investering)				
Utgifter	1 609 349	8 905 213	892 000	4 791 000
Inntekter	1 696 443	5 342 889	2 080 000	1 067 000
Prosjekt D512 ROM for ALLE (drift – gardsrom og Bø i bevegelse)				
Utgifter	508 110	528 655	515 000	80 000
Inntekter	508 334	528 655	498 000	0
Prosjekt D514 Bøker i Bø (drift)				
Utgifter	237 908	387 142	365 000	314 000
Inntekter	237 908	387 142	365 000	234 000

*Investeringsbudsjettet føreutset at halvparten vert dekt opp av eksterne midlar.

**Budsjett for 2015 pr. nov. 2015

5. DELPROSJEKT MED TILTAK

Prosjektet har hatt Bø Torg og Evjudalen som hovudsatsing. Knytt til torget og friluftsområdet, er prosjektet delt i fleire delprosjekt.

5.1. Bø Torg

Den fysiske opparbeidinga av Bø Torg tok til våren 2011 og nye Bø Torg sto klart oktober 2011. Bø Torg vart innlemma som eit delprosjekt under stadutviklingsprosjektet ROM for ALLE frå våren 2012.

Eit av resultatmåla for ROM for ALLE prosjektet var å skape aktivitet på Bø Torg. Bø Torg ligg sentralt plassert midt i Bø sentrum. Formålet med opparbeidinga av nye Bø Torg var å skape ein open og inkluderande arena som kan fungere som sosial møteplass for både busette og tilreisande i Bø.

For å oppnå dette vart det innanfor ROM for ALLE prosjektet satt i gong ei rekke tiltak:

- a. Utarbeiding av nye retningsliner for bruk av Bø Torg
- b. Etablering av arrangement og aktivitet
- c. Gardsrom

5.1.1. Utarbeiding av nye retningsliner for Bø Torg

I forprosjektfasa til ROM for ALLE prosjektet vart det utarbeid nye retningsliner for bruk av Bø Torg, jf. vedlegg 1. Det berande prinsippet i dei nye retningslinene var at Bø Torg skal vere ein lågterskel arena som kan nyttast av alle. Retningslinene vart utabeid i nær samband med vaktmeister, leiar for Sentrumsringen i Bø og tilsette ved informasjonseininga/resepsjonen til Bø kommune. Som ein del av dei nye retningslinene vart det og utarbeid nye kontraktar som brukarar av Bø torg må underteikne ved bruk av torget, jf. vedlegg 2. Det er dei tilsette ved informasjonseininga/resepsjonen i Bø kommune som tar i mot førespurnadar angåande bruken Bø Torg og som har ansvaret for å administrere kontraktar og utleige av torget. Tilbakemeldingar frå tilsette ved informasjonseininga/resepsjonen er at dei nye retningslinene fungerer godt.

Trådlaust internett

For å gjere Bø Torg til ein attraktiv møteplass, spesielt for unge, vart det hausten 2012 oppretta trådlaus internettforbindelse på Bø Torg. Dette betyr at alle som oppheld seg på torget gratis kan kople seg opp til internett via mobil eller PC. Det vart bestilt og montert opp fire WiFi-skilt som er lett synleg for alle besøkande.



5.1.2. Etablering av arrangement og aktivitetar

Etter at Bø Torg fysisk sto ferdig i oktober 2011 har torget regelmessig blitt tatt i bruk til ulike marknader og arrangement. Oktobermarknad, Mai marknad, 17-mai feiring og julegrantenning er berre nokre av dei mange etter kvart faste arrangementa som finn stad på torget. Delprosjektet Bø Torg under ROM for ALLE prosjektet hadde som mål å skape faste torgarrangement. Spesielt var det ein ønske om å skape aktivitet på torget om vinteren for på den måten bruke området på ei elles roleg tid av åre. Både vinteren 2013 og vinteren 2014 vart det gjennomført ulike type vinterarrangement, for å teste seg fram til kva type arrangement som kunne fungere. Begge åra vart desse torgarrangementa baka inn eit større arrangement - Kaffedagar i Bø.

Kaffedagar i Bø

Kaffedagar i Bø vart gjennomført to år på rad som eit samarbeid mellom Bø kommune, Sentrumsringen i Bø, MTNU, Reisemål Bø og Viko/Høgskolen i Telemark. Arrangementet sprang ut av eit ønskje om å finne fram til ein fellesnemnar som alle i Bø kan samlast om. Det å drikke kaffi er noko «alle» gjer og er både sosialt og hyggeleg. Det er også gjerne i kaffipausar enten på arbeid, på kafé eller heime at diskusjonar kjem i gong og mang eit verdsproblem er «løyst» over ein kopp kaffi.

Kaffedagar i Bø gjekk over fleire dagar med eit rikhaldig program for både store og små. Her var det kurs i kaffilaging, cupping, foredrag om fair trade kaffi, konkurransar, ulike kampanjar på kaffi og kaffiprodukt i tillegg til fleire torgarrangement som nemnd under.

Både under kaffedagar 2013 og 2014 la vi og til rette for at fleire politikarar reiste på kaffibesøk til ulike bedrifter i Bø. Tanken bak kaffibesøka var at vi ønskta å skape andre diskusjonsarenaer og gje fleire moglegheiter til å diskutere ting dei er opptekne av. Om lag 10 politikarar deltok på kaffibesøka (begge åra samanlagt) med besøk til mellom anna NAV (bilete til venstre under), kafeen Mariposa (bilete til høgre under), Bø sjukeheim, Sønsteboetunet og Moelven Telemarksbruket AS.



Arbeidsplassane som vart besøkt ga svært positiv tilbakemelding og ga uttrykk for at dei satte stor pris på at lokalpolitikarane som kom tok seg tid til å besøke dei ulike bedriftene for ein uformell prat.

I forkant av Kaffedagar i Bø tok vi og ein promo-runde der fleire bedrifter, butikkar og kontor vart besøkt og der dei fekk servert kaffe frå ein ryggsektermos.

Pynting av verdas største fastelavnsris

Dette var eit arrangement som vart gjennomført både 2013 og 2014 fredag før fastelavnssøndag. Arrangementet var eit samarbeid mellom Bø kommune og Sentrumsringen i Bø. Alle barnehagebarna i Bø vart invitert til Bø Torg for å pynte eit stort bjørketre med sjølvlagde pynt/fargerike tøyremser. Mellom 80-100 barn deltok på pyntinga begge åra. Barnehagane har meldt tilbake om at dette var eit positivt arrangement som både barna og dei vaksne sette pris på.

Arrangementet fekk mykje merksemd og fekk presseoppslag både i lokal- og regionalavisa, samt NRK Midt Telemark.



Pynting av verdas største fastelavnsris (t.v 2013, t.h 2014)

Link til videoklippet frå NRK i frå 2014: <http://www.nrk.no/telemark/verdens-kuleste-fastlavenstre-1.11577306>

Vurdering av vidareføring av tiltaket: Arrangementet er relativt lett å gjennomføre. På bakgrunn av interessene og oppmøte frå barnehagane er det et grunnlag for vidareføring. Prosjektleiar er i dialog med barnehagane om moglegheitene for at barnehagane sjølv kan ta regien for dette arrangementet.

Vintervarmt Torg

Andre helga i februar 2013 vart det gjennomført eit torgarrangement på Bø Torg under namnet Vintervarmt Torg. Dette vart arrangert i samarbeid med Sentrumsringen i Bø og Reisemål Bø som ein del av Kaffedagar, jf eigen sluttrapport. Ideen bak Vintervarmt Torg var å skape eit arrangement på torget på ei tid av året som torget elles er lite i bruk.

Vintervarmt torg trakk til seg eit titals utstillarar, deriblant Speidergruppa, Torgets Venner og Bø Tradisjonsmat. I tillegg til utstillarar føregjekk det ei rekke mindre arrangement, slik som eritreisk kaffeseremoni og kåring av Bøs beste kaffi. Ca 150 menneske var innom arrangementet til tross for at gradestokken var nede i -15C.

Vurdering av vidareføring av tiltaket: Vintervarmt Torg vart eit fint arrangement og dei som var til stades ga positiv tilbakemelding. Vi vurderer likevel at det generelt var laber interesse for arrangementet og at det er eit konsept som er utfordrande å arrangere på grunn av værforhold på denne årstida. Arrangementet vart derfor ikkje vidareført i 2014.



Eritreisk Kaffeseremoni



Ulike utstillarar og aktivitetar på Vintervarmt Torg

Karneval på Bø Torg

Første helga i mars 2014 arrangerte ROM for ALLE prosjektet, i samarbeid med Bø Sentrumsring og Viko (studentveka ved Høgskolen i Telemark) eit karneval på Bø Torg. Den opprinnelige planen var å arrangere eit karnevalskirenn men på grunn av manglande snøforhold vart skirennet avlyst og eit alternativt arrangement stelt i stand. Det var servert heimebaka bollar og saft til alle barn og kaffe til dei vaksne. Barnegruppa til Friskis og Svettis sto for underhaldning med ei eigenkomponert danseoppvisning. I tillegg vart det arrangert leikar slik som potetløp og hesteskokasting med premieutdeling. Arrangementet hadde og eigne konferansierar og det vart spela musikk slik at alle kunne vere med å danse. Arrangementet trakk om lag 250 menneske der flesteparten var barn. Mange hadde kledd seg ut. Imidlertid trakk flesteparten vidare etter ein times tid, da været var dårlig med sludd og regn.



Dans og leik under Karnevalet på Bø Torg

Møblering

Dels for å få møблering til Bø Torg, dels for å skape merksemd om ROM for ALLE prosjektet, vart det sommaren 2012 satt i gang ei innsamling av gamle hagemøblar i tre. Gjennom annonsering i Bø Blad og oppslag rundt omkring i Bø, vart alle i Bø oppmoda til å levere inn gamle hagemøblar. Møblane vart seinare måla med måling sponsa av Bø Måling og satt ut på torget til stor glede for mange.



Det vart til sammen samla inn og måla 7-8 stolar, 3 benkar og to bord. Desse vart mykje bruka både sommaren 2012 og sommaren 2013.

Vurdering av vidareføring av tiltaket: Det har vore vurdert om tiltaket skulle gjennomførast på ny, men dette forutsett tid og ressurser som kommunen per i dag ikkje har. Prosjektleiar har vore i kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar som kunne vere aktuelle pådrivarar (Bø og Sauherad Produkt, dugnadsgruppa til Sentrumsringen) til eit liknande prosjekt. Sommaren 2015 fekk Bø kommune tildela fleire benkar av tidlegare eigar av Skogen gard (somvart riven i semtrum våren 2015). Desse benkane er tatt hand om av driftsgutta i

arbeidspraksisprogrammet til kommunen, som vil male desse i vintrane framover og plassere ut nye dei neste 2-3 vårane som kjem.

Aktiv deltaking

I tillegg til arrangement der delprosjektet Bø Torg var initiativtakar, har også prosjektet deltatt på arrangement der andre har hatt hovudansvar. ROM for ALLE prosjektet har mellom anna deltatt med egne stands både på Oktobermarknad og Mai marknad.

Under fleire arrangement har ROM for ALLE-prosjektet hatt stand for å be innbyggjarane i Bø om innspel til korleis Bø kan bli ein enda betre plass å bu. Saman med Bø Sentrumsring og Reisemål Bø utarbeide ROM for ALLE-prosjektet under Kaffedagar i Bø 2013 eit enkelt spørjeskjema som vart lagt rundt på dei ulike kafeane i bygda, jf. biletet under.

Vil du vere med på å gjere Bø til ein enda betre plass å bu?

Som ein del av **Kaffedagar i Bø**, ønsker vi innspel frå DEG på korleis Bø kan bli ein enda betre plass for både innbyggjarar og besökande. Vi ber deg om å bruke nokre minutt på å svare på spørsmåla under og legge lappen i anvist plass på diskken. På førehand tusen takk for hjelpe! Helsing Sentrumsringen, Reisemål Bø, MTNU og Bø kommune v/ ROM for ALLE-prosjektet.

Oppgrader Stasjonsvegen

1. Kva skal til for å gjere Bø og spesielt Bøgata finare?
Legg RV.3b utenom sentrum. Øst vegfarande velkommen til Bø. Punkt med flagg, blomster og bannarar, lag ein konkurransje mellom butikkane om den beste fasaden.
2. Kva kan vi gjere for å få enda fleire folk til å besøke Bø?
Stopp all annonsering uten at pris er opplyttet på vegg
3. Kva synast du Bø manglar med tanke på handel?
*Ein del byggvaror, spesielt trelast.
Bøndens marknad?*

Vi mottok om lag 100 svar på spørreundersøkinga. Svara frå undersøkinga vart brukta inn i arbeidet til ROM for ALLE prosjektet, Sentrumsringen og Reisemål Bø. Svara vart seinare gitt vidare til Bø Blad som fekk mulegheiten til å bruke svara i ei sak dei ønskte å gjere kring sentrumsutvikling i Bø.

Internasjonal torgdag

I 2013 forsøkte ROM for ALLE prosjektet å inngå eit samarbeid mellom internasjonalt kontor ved Høgskolen i Telemark, Frivillighetssentralen og Flyktningstenesten/Vaksenopplæringa om å arrangere ein internasjonal torgdag. Det var imidlertid ingen av dei ovan ståande som hadde kapasitet eller ressursar til å organisere eit slikt arrangement på eigehand. Som ein

mellomløsing stilte Frivillighetsentralen og Flyktningstenesten/Vaksenopplæringa med eige internasjonal stand under Mai marknad, der delprosjekt Bø Torg sto for organisering og samkøyring i forkant av marknadsdagen.

Bøker i Bø

Bøker i Bø vart gjennomført for første gong mai 2012, med påfølgande festivalar i 2013 og 2014. Festivalen har som visjon å vere ein unik litteraturfestival; ung, modig og aktuell, og programmet skal spegle dette unge, modige og aktuelle i samtidslitteraturen gjennom samtalar mellom unge og etablerte forfattarar, og i møte med aktuelle forfattarskap og gode tekstar. Bøker i Bø spring ut i frå Forfattarstudiet ved Høgskolen i Telemark med Eldrid Lunden og Rune Christiansen som drivkrefter.



Bø søkte og mottok status som friby for eksilforfattarar i 2012 og vart med dette ein del av ICORN nettverket. Bøker i Bø har under alle tre festivalane hatt eigne arrangement knytt til fribyordninga, både med Bø sin eigen fribyforfattar, Dessale Abraham (bilete til høgre under) og med deltaking av andre fribyforfattarar slik som Abdullahi Muhiaddin, busett i Skien (bilete til venstre under).



Vurdering av vidareføring av tiltak: Bøker i Bø er etablert med eige styre, samansett av frivillige rekrutert gjennom åra ROM prosjektet har virka, og vil halde fram i åra som kjem.

5.1.3. Gardsrom

Delprosjektet Gardsrom var eit delprosjekt med mål om å legge til rette for ein ny samhandlingsmodell mellom private og offentlege aktørar for på den måten oppnå ein meir heilskapleg, brukarvenleg og arealeffektiv sentrumsutvikling.

På bakgrunn av planlagd utbyggingsprosjekt i Skogenkvartalet tok Bø kommune initiativ til eit samarbeid med den private utbyggaren, Rose Eigedom AS. Bakgrunnen for initiativet var Skogenkvartalets nærleik til både Bø Torg og Evjudalen og eit ønske om at Skogenkvartalet skal utviklast i samanheng med det omkringliggende sentrumsbiletet og med kopling til Evjudalen og Bø Torg. Vidare var det eit ønskje om å legge til rette for etablering av ein fysisk møteplass/liten torgplass i kvartalet. Samarbeidet har vore utført i form av kreativ og praktisk orientert prosess, der kommunen saman med innleidde landskapsarkitekt og Rose Eigedom har diskutert felles behov, ønske og mulege løysingar. Samarbeidet med Rose har vore positivt, og det har i fellesskap blitt jobba fram løysningar, i form av skisser, som i meir eller mindre grad vil ivareta ønskjer og behov både hos utbyggar og kommune.

Samarbeidet med Rose Eiendom kan nyttast som eit eksempel på ein samhandlingsmodell som vil ha overføringsverdi til andre utbyggingsprosjekt i Bø sentrum og som vil medverke til ein meir heilskapleg utvikling av Bø sentrum.

I samband med delprosjektet vart det søkt og tilvist midlar til utarbeiding av ein universelt utforma trasé frå Skogenkvartalet og ned til Evjudalen. Denne traseen vil utformast i samanheng med dei overordna planane til Rose Eigedom, jf. avsnitt om universell utforming.

I prosessen med Rose Eigedom har utbyggjarar i Bø no høve til frikjøp frå delar av krav til utendørs oppholdsareal, ved å gå inn i Evjudalen.





5.2. Bø i bevegelse

Bø i bevegelse vart sett i gang som prosjekt i i 2012 i regi av Høgskolen i Telemark, avd. Bø, med mål om å etablere eit "bevegelseshus", ein møteplass. Eit aktivitets- og kompetansesenter som gjennom eit mangfald av tiltak, kunnskapsformidling og forsking kunne initiere aktivitet og stimulere til ein kommune i bevegelse. Ein kommune med gode butilhøve og fysiske omgjevnadar som kunne skape ei befolkning i bevegelse. Ein kommune som har fokus på barn og unge i eit langsiktig perspektiv og som skaper gode vilkår for eit aktivt liv. Ein kommune som satsar på integrasjon og møteplassar på mange område.

Visjonen var at ein gjennom samarbeid, deling av så vel erfaringsbasert som forskingsbasert kunnskap, inkludering av fleire prosjekt som kan sjåast i samanheng og eit mangfald av aktørar, ville kunne skape eit grunnlag for aktive liv, god folkehelse og ein vital kommune.

Bø kommune tok del i forprosjektfasen kopla til ROM for ALLE - prosjektet. Diverre vart søknad frå HiT til eksterne instansar om FOU-midlar ikkje innvilga. Hovudprosjektet kom difor ikkje i gang som tenkt, men ein har med samarbeidet likevel lukkast med å etablere ein Frisklivssentral basera på samarbeidet mellom Bø og Sauherad kommunar, Høgskulen i Telemark og Gullbring Kulturanlegg A/S. Frisklivssentralen har vidare samarbeidd med ROM for ALLE prosjektet om aktivitetar, og ikkje minst med etablering av treningsapparat i Evjudalen Friluftspark hausten 2015. Ein treningspark der det har vore fokus på trening med låg terskel.

Med frisklivssentral etablera, meiner vi at vi trass i manglande forskingsmidlar, har lukkast med å få eit varig og positivt resultat av satsinga «Bø i Bevegelse.» Bø & Sauherad Frisklivssentral gir tilbod om helsesamtalar, testing av fysisk form, trening individuelt og i grupper, rettleiing i livsstilsendring og kurs i stressmestring, kosthald, røykeslutt og mykje meir. Sentralt i arbeidet til Frisklivssentralen er bruk av idrettstudentar frå HiT til gjennomføring av treningsgrupper og rettleiing. Frisklivssentralen nyttar Evjudalen – både

nye turvegar og stigar – og aktivitetsanlegga, som det viktigaste aktivitetsområdet for si verksemد.

5.3. Evjudalen Friluftspark

Evjudalen friluftsområde er et stort grøntområde i hjertet av Bø sentrum, som består av to ravinedaler med vassdraga Prestevju og Bøevju som møtast midt i Evjudalen. Delar av ravinedalane vart tidlegare bruka som beiteområde og er opne, medan deiler er skog. Ein del areal var frå før opparbeida som grasplen men på grunn av därlege grunnforholda, som nærmast bar preg av sump, har imidlertid Evjudalen vore lite attraktivt som rekreasjonsområde. Fram til nyleg har Evjudalen derfor hatt meir funksjon som snarveg, via ein asfalterrert gang- og sykkelsti frå Bøgata i nord til Gullbring/Høgskolen i sør og ein gruslagt sti frå Gullbringvegen/Bekkevoll i vest til Stasjonsvegen/Expertbygget i aust.

Gitt Evjudalen sin sentrale plassering i Bø sentrum, har det lenge vore eit ønske om å utvikle Evjudalen til eit nærfriluftsområde for bebuarar, skular og barnehage i sentrum.

Etter initiativ frå kommunen fekk Evjudalen status som statleg sikra friluftsområde i 2012. Dette inneber at Evjudalen framleis skal vere eit friluftsområde til glede for offentlegheita. Status som statleg sikra friluftsområde forpliktar kommunen til å utarbeide ein heilskapleg drifts- og vedlikehaldsplan.

Som ein del av ROM for ALLE-prosjektet har det derfor vore eit mål å opparbeide Evjudalen som aktivitetsarena og attraktiv møteplass for alle. Dette heng mellom anna saman med Bø kommunes satsing på folkehelse.

Tveito Maskin AS vart engasjert som entreprenør etter ein anbodsrunde hausten 2012. Den fysiske opparbeidinga av Evjudalen tok til i desember 2012.

I forbindelse med planlegging og opparbeiding av Evjudalen, har det vore gjennomført fleire idédugnader, presentasjonar og planleggingsmøter av prosjektet. Føremålet med dette var å få innspel i frå ulike interessegrupper.

- Bø skule, 6., 7. og 9. trinn
- Barnehagebarn
- Midt Telemark Seniorlæring
- Barnehagetilsette/driftsansvarlege
- Frisklivssentralen
- Grenland CrossFit

5.3.1. Evjudalen byggetrinn 1

Opparbeidinga av Evjudalen har gått føre seg i to byggeperiodar. I byggetrinn 1 vart eit av fokusa å betre grunnforholda i områda, blant anna gjennom tilføring av drenerande masser i dalbotn for å heve dalbotn, for på den måten gjere område mindre sump-aktig. Dette


arbeidet vart gjort samtidig med omfattande tiltak for sikring mot kvikkleireskred, jf eige avsnitt.



Bygging og opprusting av gang og sykkelstiar var og eit av tiltaka gjennomført i byggetrinn 1. Det vart anlagt ein ca. 570 m asfaltert gang og sykkelsti med akse frå Bekkevoll til Stasjonsvegen, samt bygging av ein 400 m lang grusa sti frå Stasjonsvegen langs sørsida av Evjudalen mot Gullbring, inkludert ei ny bru over bekken. Begge stiane tilfredsstiller standarden for universell utforming. Tiltaket har ført til fleire turmoglegheiter og har gjort Evjudalen meir tilgjengeleg for fleire brukargrupper.

ROM for ALLE har med Evjudalen Friluftsområde deltatt som føregangskommune i Fylkesmannens prosjekt «Sentrumsnære turveger med universell utforming».

PRINSIPPSNITT FOR GANG- SYKKELVEIER 1:100 (A1)





Det vart og opparbeid to nye vasspegel og utvida ein eksisterande dam i Evjudalen. Dammane fungerer som fangdammar, det vil seie at næringsstoff fra jordbruksområder og nedbørsfeltet sedimenterer i dei stilleflytande dammane. Slik blir vasskvaliteten i vassdraga forbetra før vatnet renn vidare ut mot Norsjø. Sedimenta kan gravast opp og nyttast som gjødsling på ny. Dei tre fangdammane utgjer såleis eit naturleg reinseanlegg i Evjudalen. Sjå avsnitt under

Sikring mot kvikkleireskred

Hausten 2012 gjennomførte Norsk Geoteknisk Institutt(NGI) ei kartlegging av behov for sikringstiltak i kvikkleiresone 1345 Bø sentrum. Kartlegginga konkluderte med at massane i området rundt Evjudalen er av ein slik karakter at det måtte utførast sikringsarbeid i dalbotn, for å sikre byggegrunn oppe på kantane rundt Evjudalen. Kartlegginga viste at områdestabiliteten langs Evjudalen kunne tilfredsstilla ved at det vart lagt ut støttefyllingar med høgde 1.5-3 m langs foten av dei inntil 10 m høge skråningane. Sikring av den nordlege skråninga i Evjudalen vart utført samtidig som den øvrige opparbeidinga av Evjudalen. Etter godkjenning frå NGI tilfredsstiller denne delen av Evjudalen i dag krava områdestabilitet.

Plan for drift og vedlikehald

I samband med opparbeidingsa av Evjudalen Friluftsområde har det vorte utarbeid ein eigen forvaltningsplan for perioden 2013-2018. Planen er utarbeid etter standarden til Direktoratet for Naturforvaltning som og har godkjend planen. Planens første del inneheld fakta om Bø kommune og Evjudalen Friluftsområde, del to inneheld behov for tiltak i planperioden medan del tre er ein skjematisk oppsett driftsplan for perioden. Del fire viser ein oversikt over prioritering av tiltak i Evjudalen. Forvaltningsplanen inneheld dessutan ein eigen plan for vedlikehald av dei tre fangdammane i Evjudalen. Denne er utarbeid i samarbeide med Midt Telemark Landbrukskontor. Planen vert revurdert og justert når byggetrinn 2 er gjennomført.



Forseinkingar i byggetrinn 1

Ein alvorleg prosjekteringsfeil på tersklene til samtlege av dei tre dammane førde til at alle tre dammane kollapsa i april 2013. Bø kommune var lenge i ein prosess med forsikringsselskapet til det prosjekterande firmaet for å få erstatning for feilen og for å få reparert dammane. Partane kom først til einighet juni 2014 da forsikringsselskapet tilbaud ein erstatningssum som var akseptabel for kommunen. Denne prosessen førde til at prosjektet blei 2 år forsinka. Dam tersklane var ferdigstilt april 2015, og g/s-veg november same år.

Opning av gang-/sykkelsti og damanlegg

G/s-veg og damanlegget vart offisielt opna av ordførar i Bø, laurdag 19.september, som del av markering av Europeisk Mobilitetsuke. Markeringa vart arrangert i samarbeid med Bø skulekorps, Bø o-lag, Skarphedin Sykkel, Idretts forbundet, Bø Street Festival og Bø Fiskelag. Det vart også invitert produsentar for hjelpe middlar for å setje særleg fokus på universell utforming.

Fokuset var retta mot aktivitetar for barn, unge og familiar. Om lag 100 deltakarar var med på opninga med o-løp, sykelløp, flugefiske, danseshow og musikk.



5.3.2. Evjudalen byggetrinn 2

Leikeapparat, treningsområde benkar og bålpassar. Aktivitetsflater med apparat vart våren 2015 prosjektert av Søndergaard Rickfelt AS. Det er lagt vekt på installasjonar bygd med utgangspunkt i malmfur. I juni 2015 vart det sett i gang utgreiing av fundamentering og utfordringar med oversvømming og drenering på planlagde aktivitetsflater. Tveito Maskin AS gjennomførte ekstra drenering og grundig fundamentering til apparat og installasjonar. Tinnoset Sag AS har sommaren og haust 2015 produsert leikeapparat, treningsapparat og benkar, som har vorte sett ut i dalen ettapvis.

Pga. forseinkinga med damanlegget (2013-2015) er byggetrinn 2 også utsett med 2 år, og absolutt ferdigstilling av byggetrinn vil vere april 2016. Det er prosjektert og ein er i gang med å setje opp om lag 20 benkar, zip-line, huskestativ, petanque bane, sandkasse, klatrepyramide, treningsapparat, turnringer/svingstang, treningsflåte, skranke, grillplass og bålpass.



For at Evjudalen skal verte ein positiv og godt brukt møtestad for folk flest, vert det planlagt inkluderande arrangement i dalen knytta til dei opne aktivitetsflatene, leikeområder og treningsarenaen ved ferdigstilling av desse. Det er planlagt mellom anna treningsvegleiing/-kurs og friluftslivsdagar. Der Bø Torg samla innbyggjarar og næringsliv til kulturarrangement, ønskjer vi å invitere frivillige lag med friluftslivsaktivitetar i Evjudalen Friluftspark.

5.3.3. Evjudalen byggetrinn 3

For byggetrinn 3 er det planlagt gjennomføring av skilting, mindre snar-/turvegar og belysning. Byggetrinn er pr. 20.11.2015 ikkje sett i gang, pga. forseinkinga etter damkolaps 2013.